



Avinor

Nasjonal transportplan 2018-2027 Framtidig lufthamnstruktur

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til rapporten:

Sogn regionråd støttar Avinor si tilråding om å oppretthalde flyplasstrukturen. Det er store reiseavstandar i sogneregionen. Nærleik til flyplassen og eit godt flyrutetilbod frå Sogndal lufthamn er derfor avgjerande for lokalt næringsliv og offentlege verksemder.

Sogn regionråd er samd i Avinor sin konklusjon om at nedlegging av Sogndal lufthamn vil gje svært store passasjerulempar i høve til statlege innsparingar. Tilbakemeldingane frå mange verksemder i vår region viser at dei i realiteten ikkje vil ha nytte av eit flytilbod frå ein av dei andre flyplassane i fylket. Reisetida vil i så tilfelle bli uakseptabel lang og det er grunn til å rekna med at dei reisande vil velja andre reisemåtar enn fly.

Gjennomgangen av lufthamnsystemet baserer seg på kriterium for transportstandard, herunder omfanget av statleg støtte og reisetider til alternativ flyplass. Auka total tidsbruk til Oslo ved å leggja ned Sogndal lufthamn synest å vera noko låg. Vi saknar meir utfyllande informasjon om grunnlaget for berekningane i rapporten.

Avinor ønskjer å prøve ut nye modellar for drift av lokale lufthamner og skisserer i rapporten nokre tiltak for auka effektivitet. Sogndal lufthamn er blant dei lufthamnene som mottok lågt statleg tilskot og har 11 avgangar dagleg. Sogn regionråd forstår Avinor sin konklusjon at utprøving av effektive driftskonsept gjeld lufthamner med færre enn fire avgangar dagleg. Om slik utprøving også er ønskeleg for Sogndal lufthamn er flyplasskommunen positiv til dialogen om nye og meir kostnadseffektive driftsmodellar.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Jarle Aarvoll
ordførar Sogndal kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift